

# Verksemdsbasert vurdering

Innhald i skulebesøka



## Grunnlagsdokument for skulebesøka

Styringsdokument frå fylkesdirektør opplæring (2013-2015)

Styringsdokument frå fylkesdirektør opplæring (2016-2018)

System for verksemdsbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane (2013)

Tilstandsrapport, vidaregåande opplæring 2014/15

Skulen sin utviklingsplan for 2015/16

Skulen sin tilstandsrapport 2014/15

Anna dokumentasjon som ligg til grunn for det verksemdsbaserte utviklingsarbeidet

## Mål for møtet

Dialog mellom skule og skuleeigar om pedagogisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling.

Skulebesøket inngår i system for verksemdsbasert vurdering som er Hordaland fylkeskommune sitt system for å følge opp skulane sitt pedagogiske utviklingsarbeid, og er forankra i opplæringslova § 13-10. Møtet skal vere ein del av utviklingsdialogen mellom skuleeigar og skulane for å sikre gode prosessar i arbeidet med auka læringsutbyte og fullføring

Det er rektor sitt ansvar å syte for at dei som deltek frå skulen er førebudde på kva møte dette er, og at alle har fått dagsorden og andre relevante dokument. Det er særleg viktig at elev- og lærarrepresentantane har fått høve til å førebu seg til møtet, slik at dei kan delta aktivt som representantar for elevane og lærarane.

## Kven deltek på møtet

### Frå skulen:

Rektor, leiargruppa, ein eller to tillitsvalde, ein lærar som er tett på det pedagogiske utviklingsarbeidet og to representantar frå elevrådet. Dersom rektor ynskjer å ha med fleire deltakarar, må desse ha ein funksjon i møtet. Det bør ikkje vere for mange deltakarar. Dei som deltek på møtet, skal vere til stades under heile møtet.

### Frå opplæringsavdelinga:

Regionleiar og ein representant frå seksjon skule. I høve særskilte tema kan det vere aktuelt å ta med andre fagpersonar frå opplæringsavdelinga.

**Formøte:** Representantane frå opplæringsavdelinga ynskjer å treffe rektor 20-30 min før møtet tek til.

**Møteleiar:** Regionleiar

**Tidsramma for møtet:** 3 timar inkl. pause

## Hovudmål for den vidaregåande opplæringa i Hordaland

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland er auka læringsutbyte og fullføring.

«All pedagogisk verksemd ved skulane skal bygge opp under hovudmålet. Frå klasserom og verkstad til kontor og andre arenaer skal vi følgje opp kva elevane skal lære, vite kva dei har lært og kva ein gjer når dei ikkje lærer det som er forventa til ulike tidspunkt.»

Fylkesdirektør opplæring Svein Heggheim

Ved skular som har oppnådd særleg gode resultat, ser vi at forankring i leiinga har vore avgjerande. Når ein på alle nivå etterspør og har god oversikt over enkeltelevar, så sikrar rektor at heile organisasjonen arbeider systematisk for å fange opp og setje i verk tiltak overfor elevar som treng oppfølging av ymse slag.

## Program for møtet

Tid	Innhald
10 min	<p>A. Velkommen</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Velkommen og presentasjon av deltakarane v/rektor</li> <li>• Kort innleiing v/regionleiar</li> <li>• Gjennomgang av dagsorden v/representant frå seksjon skule</li> </ul>
45 min	<p>B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområder</p> <p>1. <b>Tema/prosjekt som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid.</b> Presentasjon med involverte lærarar og elevar. Samtale/refleksjon i etterkant av presentasjonen.</p>
30 min	<p>2. <b>Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdjupa.</b> Tema er valt ut på førehand i samråd med rektor.</p>
40 min	<p>C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbyte og fullføring</p> <p>Opplæringsavdelinga ønskjer ein dialog rundt nokre av dei sentrale spørsmål nedanfor som har innverknad på eleven sitt læringsutbyte og fullføring.</p>

Tid	Innhald
	<p>Med utangspunkt i skulen sin tilstandsrapport og resultat i PULS, korleis arbeider ein systematisk med:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• overgangane for å sikre auka fullføring? <ul style="list-style-type: none"> <li>- ungdomsskule – vidaregåande skule</li> <li>- mellom nivåa i vidaregåande opplæring</li> <li>- mellom vidaregåande skule og arbeidsliv</li> </ul> </li> <li>• oppfølging av eleven si læring og utvikling?</li> <li>• elevmedverknad?</li> <li>• kvalitet i undervisninga?</li> <li>• læringsmiljø?</li> </ul>
40 min	<p>D. Nytt styringsdokument (2016 – 2018) – prosessen vidare</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?</li> <li>• Kva endringar vil det nye styringsdokumentet medføre med omsyn til korleis skulen arbeider med utviklingsarbeid?</li> </ul>
15 min	<p>E. Oppsummering og evaluering</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva konkret vil du ta med deg vidare i arbeidet med å nå hovudmålet om auka læringsutbyte og fullføring?</li> <li>• Tilbakemelding om møtet</li> </ul>